

Fra: Berit Vik <berit.vik@hotmail.no>
Sendt: 25. mai 2015 19:52
Til: NVE
Kopi: post@radgivende-biologer.no
Emne: sak ang. utbygging av småkraftverk i stårheimselva i Eid kommune.

Fråsegn om stårheim kraftverk i Eid kommune sin søknad om kraftverk i Stårheims-elva kunngjort i Fjordabladet 14.05.2015 Som kjenntmann og sportsfiskar i elva sia 1970 og familie/gr.eigar tidligare på g.bnr 76/3 har eg tidligare tilbudt meg mi hjelp vedr. elva både muntlig til representant frå Nve og skriftlig til rådgivende biologer. Det er også undertegna som har sent inn skjelpøver til biologane. Stårheimselva har hatt ein bra stamme laks og sjø-aure sia lenge før krigen (i min 100 år), men for ca 10 år sia vart elva sterkt rasert av fleire flommar, Dette gikk utover stammen da mykje stor gytefisk gikk tapt og mange av hølane vart tetta og gjenfylt av stein (gytesubstans minka sterkt). Åra etterpå viste det seg iflg. mine kontrollar både over og under vatn at ca 90% av småfisken hadde gått tapt på den anadrome strekninga. Eg har etter 2005 ikkje tatt ut anna enn oppdrettsfisk fra elva for at naturen skal få opp igjen stammene. Der har alltid vert ål i elva så langt tilbake eg kan huske. Fossekallen har alltid trives der. Har og tilbydt bygdelaget hjelp og dokumentasjon vedr. å hjelpe elva med tiltak etter 2005 , men dette har vore vist lita interesse - kanskje p.g.a av samme personane har hatt ein annen agenda? Ei tid hadde skulen også ønske om natursti langs elva fra osen og oppover. Kan og bekrefte ein godt bevart hemmelighet vedr. anadrom strekning, og det er at den går heilt opp til keilshølen(det absolutte vandringshinder) eller populert kalla gryta (badeplass og naturperle)så dei spekulasjonane kan eg garantere. På spesiell elvastørrelse går laksen heilt opp i gryta. Dette er ein stor og djup høl som sikrar fisken ved lang og tørr haust og lav vannstand + at det offisielt ikkje går fisk forbi øvre vollahøl. Tjuvfiske med ulik redskap har derfor kun foregått nedanfor vollahølen (foss kalla vandringshinder). For 10-15 år sia kunne ein stolt fortelle til folk på austlandet at her på vestlandet var det fisk alle plassa det rannt vatn - men mykje har skjedd siste åra både i elv og sjø. Vi må snart begynne å ta tak for å berge det lille som er igjen - og ikkje berre snakke om større registrerte lakse-elva. Dersom det skulle bli utbygging bør det krevjast sikring av anadrom fisk og fri ferdsel til fossen + stor og djup høl nedanfor utløpspunkt med fiske forbudt og event. fiskehindrande tiltak i luftrom. Er elless einig i dei andre tiltaka som er nevnt i rapporten, men det må krevjast at dei vert utført og oppfølgt frå starten - elva og den anadrome bestanden tåler ikkje at dette kjem i andre rekke fleire år etterpå! Ser det som viktig at fisk kan vandre heilt til keilshølen også etter utbygging og at ein ny stor høl m. event. laksetrapp/TRINN og dei andre større og djupe hølane kan sikre fisk i periodar med lite vatn.

Kan ellers vere behjelpelig med info.

Beste helsing

Irvin Yri

Mob: 97597654
event. på denne e-post adr.